



Toget i år kjem tilbake over brua (Foto: Ola Matti Mathisen)

17.mai i Uskedalen blir frå og med neste år omorganisert melder styingsgruppa som består av Tove Lill Laksely, Helene Bjørnebøle og June Løland.

Dei tek dermed omsyn til innvendingane mot at ansvaret einsidig blir lagt på foreldra til elevane i 3 klassar. Styringsgruppa skriv slik i ein orientering om saka:.

Dei siste åra er det foreldra til elevane i 5.-6. og 7. klasse som har hatt ansvaret for 17.Mai-arrangementet i bygda. Dette er ei løysing som ikkje er tilfredsstillande. For dei som har fleire born, vert det gjerne både 9 og 15 år i komitêen, samanhengande. Det kan verte i meste laget, sjølv for ein ihuga nasjonalromantikar.

Det er heller ikkje heldig at det berre er foreldre til born i skulealder som har ansvar for ei slik feiring. 17. Mai er ein nasjonal høgtidsdag som dei fleste i alle generasjonar har eit forhold til. Det er viktig at dagen ikkje berre blir pølser, is og barneleikar, men at òg alvoret og historia kjem med som ein hovedfaktor i feiringa. Då er det viktig at komitêen består av folk i alle aldrar.

Styringsgruppa og leiarane i dei ulike nemdene, har difor beslutta å endre dagens praksis. Frå og med 2012 vil 17.Mai-komitêen bestå av foreldre til elevane i 5. klasse i tillegg til bygdefolk i aldersgruppene 21, 31, 41, 51, 61. Vi vil òg ha med elevane i 8. klasse. På denne måten vil det bli ei betre ansvarsfordeling, der ingen vert sitjande veldig mange år samanhengande og fleire aldersgrupper vert representert. Vi hartru på at dette vil vere samlande for bygda vår og gjere nasjonaldagen til ein endå meir høgtidsstemt dag.

Det vert ny komitê kvart år, men med gode referat og eit overlappingsmøte i Januar, så vil ikkje det vere eit problem.

Styringsgruppa vonar bygdefolket vil stille opp når dei vert utvald, slik at Uskedalen framleis kan ha ei framifrå 17. Mai-feiring i åra framover.